



Tilråding til Miljødirektoratet om vern av skog i Vestland

Hammarland naturreservat i Bjørnafjorden kommune, Vestland
April 2025



Innhold

FORSLAG	3
Heimelsgrunnlag	3
Verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget	3
Andre interesser	4
SAKSHANDSAMING	4
Sakshandsamingsprosesser	4
Forholdet til utgreiingsinstruksen	5
Forvaltningsstyringsmakt	5
VIKTIGE ENDRINGAR UNDER HANDSAMINGA AV VERNEPLANEN	6
Geografi	6
Verneforskrifta	6
Namn	6
FORVALTNING, ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVENSTAR	6
Vurdering av samfunnsnytte og samfunnsøkonomiske konsekvensar	6
Forvaltningmessige og budsjettmessige konsekvensar	7
Avveging skogvern – skogbruk	7
Forvaltningsmyndighet	7
Skildring av Hammarland, med merknadar	7
Verneføremål og særskilte verneverdiar:	7
Inngrepsstatus og andre interesser:	8
Samandrag av høyringsinnspela:	8
Namn	10
Avgrensing	10
Verneforskrift	10
Tilråding	10
Vedlegg 1: Tilråding til verneforskrift	11
Vedlegg 2: Tilråding til vernekart	13

FORSLAG

Statsforvaltaren i Vestland tilrår vern av Hammarland naturreservat i Bjørnafjorden kommune, Vestland fylke, i medhald av naturmangfaldlova (lov om forvaltning av naturens mangfold). Tilrådinga omfattar 501,8 dekar nytt verneareal. Totalt skogareal er 475 dekar, og av dette er om lag 314 dekar produktiv skog.

Heimelsgrunnlag

Hammarland blir foreslått verna i medhald av naturmangfaldlova § 34 og § 62. Området blir foreslått verna som naturreservat, jf. naturmangfaldlova § 37. Vilkåret for å kunne opprette eit naturreservat etter naturmangfaldlova § 37 er at arealet anten innehold trua, sjeldan eller sårbar natur, representerer ein bestemt naturtype, på annan måte har særleg betydning for biologisk mangfald, utgjer ein spesiell geologisk førekommst eller har særskilt naturvitenskapleg verdi.

Naturreservatet skal bidra til bevaringsmål i naturmangfaldlova § 33, mellom anna bokstavane *a (variasjonsbredden av naturtyper og landskap),*
b (arter og genetisk mangfold),
c (truet natur og økologiske funksjonsområder for prioriterte arter).

Verneområdet skal bidra til å oppfylle fleire nasjonale mål (sitat på bokmål):

- *Et representativt utvalg av norsk natur skal tas vare på for kommende generasjoner.*
- *Økosystemene skal ha god tilstand og levere økosystemtjenester.*
- *Ingen arter og naturtyper skal utslettes, og utviklingen til truede og nær truede arter og naturtyper skal bedres.*

Opprettiging av eit verneområde på Hammarland bidreg til å nå internasjonale mål og forpliktingar, m.a. nedfelt i konvensjonen for biologisk mangfald artikkel 8 om eit samanhengande verneområde-nettverk, jf. òg naturmangfaldlova § 33 bokstav g.

Ved å verne området mot ulike typar inngrep gjev verneområdet eit positivt bidrag til det nasjonale og internasjonale målet om å stanse tapet av naturmangfald, jf. naturmangfaldlova § 33 bokstav a, b og c. Området vil òg bidra til å oppfylle det nasjonale målet vedteke av Stortinget om 10 % vern av skog.

Verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget

Området ligg om lag 5 km aust for tettstaden Eikelandsosen i Bjørnafjorden kommune. Arealet har i hovudsak ein austleg eksponering og ligg på vestsida langs Gjønavatnet. Det ligg innanfor boreonemoral vegetasjonssone i sterkt oseansk seksjon. Arealet er ein del av Kikedalen som er eit av 18 område i Vestland som er klassifisert som nasjonalt verdifullt kulturlandskap.

Styvingsskogen i dei bratte dalsidene går attende til mellomalderen. Heile dalføret ber preg av at ein har drive med tradisjonell försanking heilt fram til vår tid. Kandidatområdet utgjer skog av varierte kvalitetar, frå fattig bjørkeskog til svært store naturkvalitetar til styvingstre av ask i boreonemoral regnskog. I øvre parti førekjem vekselvis rike og fattige skogtyper om kvarandre, og skogen er truleg blitt beita tidlegare. I nedre parti rett ovanfor Hammarland gard finn ein styvlingsli med ask. Desse er grove, med høg tettleik av tre og området vert vurdert som svært

verdifullt. Lia er tidlegare registeret under naturtypekartlegginga og klassifisert som A-verdi (etter DN-handbok 13).

Tilbodsområdet er redusert med om lag 190 dekar i søre del for å grense ut impediment og skog av lågare bonitet. Det er også den delen av området med lågast naturkvalitet.



Figur 1. Skogen på Hammarland består av dei to raudlista naturtypane boreonemoral regnskog og frisk rik edellauvskog, med innslag av fleire store, gamle styvingstre av alm (EN) og aks (EN). Foto: Vebjørn Enerstvedt/AT Skog

Det er for augneblikket ikkje noko som truar verneverdiane i området. Vern vil likevel sikre at området ikkje vert utsett for arealbruksendringar i seinare tid. Verdiane i området vert gjennom vern sikra for framtida.

Regnskogartar er avhengige av eit fuktig klima. Trear rundt naturreservatet gjev ein viktig buffer for å verne om verneverdiane ved å danne eit stabilt, fuktig mikroklima. Eit trugsmål mot dei fuktkrevjande artane er difor hogst av tre kring området.

Områdevern opnar for at forvaltninga kan vurdere skjøtsel av styvingstre.

Andre interesser

Grunneigarar ved gbnr. 176/2 har beiterettar innanfor det føreslegne verneområdet. Stiane gjennom området nyttast òg av Nordfjella beiteland til buføring til og frå beite. Vernet vil ikkje vere til hinder for beite eller buføring.

SAKSHANDSAMING

Sakshandsamingsprosessar

Arealet er eigd av éin privat grunneigar som har signert tilbod om vern av eigedom som naturreservat etter prosedyren for frivillig skogvern. Det tilrådde verneområdet på Hammarland er lokalisert på gards- og bruksnummer 176/1 i Bjørnafjorden kommune. Tilboden kom oss i hende gjennom brev frå AT Skog den 29.06.2021. Vi fekk inn tilbod om frivillig skogvern for dette området før dei nye føringane med avvegning av områdets betydning for vern og betydning for tømmertilgang trådde i kraft og har såleis ikkje prioritert matriseføring for området.

Grunneigaren på Hammarland har enno ikkje signert ei endeleg bindande avtale med staten, men vi legg til grunn at avtale blir inngått i løpet av 2025. Det er AT Skog som ser til at interessene til grunneigar blir ivareteke i verneprosessen.

Tabell 1. Saksgang for verneprosessen

Namn	Tilbod	Oppstart	Høyring
Hammarland naturreservat	29.06.2021	29.08.2024	27.01.2025

I løpet av verneprosessen har vi hatt annonser i både digitale avisar og i papiraviser. Vi legg vekt på å informere grundig på heimesidene våre.

Her er lenka til nettsida med oppstartsmeldinga: [Vi startar frivillig skogvern av Hammarland i Fusa | Statsforvaltaren i Vestland](#)

Her er oppslaget vårt til høyringa: [Høyring av frivillig skogvern på Hammarland i Bjørnafjorden kommune | Statsforvaltaren i Vestland](#)

I tillegg har vi denne informasjonen om frivillig skogvern på våre heimesider: [Frivillig skogvern i Vestland | Statsforvaltaren i Vestland](#)

Forholdet til utgreiingsinstruksen

Verneforslaget er utarbeidd i samsvar med Utgreiingsinstruksen. I første og andre kapittel blir verneforslaget grunngjeve på overordna nivå og samanhengen med nasjonale og internasjonale mål om å ta vare på eit utval av norsk natur klargjort. Vidare blir forslaget omtalt kort om eventuelt kva som skjer med verneverdiane viss vernet ikkje blir gjennomført og kva verkemiddel som eventuelt kan vere relevante. Samfunnsnytta av verneforslaget blir vurdert på eit overordna nivå saman med økonomiske og administrative konsekvensar. Forslaget blir òg omtalt og vurdert ut i frå generelle kommentarar. Det same med konkrete merknader til verneforslaget frå ulike partar, styresmakter og interessegrupper. Etter avvegingar mellom verneverdiane og andre samfunnsinteresser er det undervegs i verneprosessen vurdert justeringar i vernereglar og avgrensing på kart.

Gjennomføringa av prosessen er gjort i samsvar med rundskriv T-2/15 om sakshandsamingsreglar ved områdevern etter naturmangfaldslova, forvaltningslova og utgreiingsinstruksen. Verneforslaget er basert på opne prosessar og innspel til verneframleggjet.

Gjennom verneplanprosessen er det gjort ei avveging mellom verneinteresser og andre brukar- og samfunnsinteresser. Verneforslaget er også i stortest mogleg grad tilpassa dei ulike brukarinteressene i området. Krava i naturmangfaldlova § 14 er dermed oppfylt.

Forvalningsstyringsmakt

Aktuelle kommunar skal, etter nye rutinar, gjennom høyrisingsprosessen gje tilbakemelding på om dei ynskjer å få tildelt forvalningsmyndighet for nye verneområde. Dette vil vere i tråd med gjeldande politikk på området. Forvalningsstyresmakt blir fastsett gjennom forskriftera når området blir vedteke verna.

Vi inviterte Bjørnafjorden kommune, i høyringa, om å uttale seg om kommunen hadde interesse av å overta forvaltningsansvaret for dei mindre naturreservata innanfor kommunen sine grenser. Vi fekk ikkje innspel frå Bjørnafjorden på dette spørsmålet. Dersom det kjem uttale frå kommunen vil vi vidaresende svaret til Miljødirektoratet.

VIKTIGE ENDRINGAR UNDER HANDSAMINGA AV VERNEPLANEN

Geografi

Det er ikkje gjort endringar i avgrensinga av verneområdet sidan oppstart, men vi reduserte tilbodsarealet noko før oppstart.

Verneforskrifta

Mellan oppstart og høyring la vi til eit punkt om oppsetting av mellombels jakttårn, og eit punkt om rydding av siktlinjer i samband med jakt av storvilt, jf. § 4 bokstavane h og i i forskrifta.

Vi har òg teke omsyn til innspelet frå grunneigar med beiterett, og har endra formuleringa i § 4 bokstav c frå «*Beiting med eit beitebelegg som ikkje skadar verneverdiane*» til «*Beiting*». Dette er i tråd med nyare malar og standardisering av frivillig skogvernforskrifter.

Det er òg gjort endringar som presiserer reglane for bålbranning innanfor verneområdet, desse er for å klargjere reglane og endrar ikkje innhaldet i forskrifta.

Oppsettet i føremålsparagrafen vart endra til punktvis framstilling etter høyringa. Paragrafen er no i samsvar med nyaste mal for verneforskrifter for naturreservat. Innhaldet i ny og gammal formulering har ikkje endra seg vesentleg, og vi vurderer difor at endringa ikkje vil ha ei innverknad på føremålet med vernet.

Etter høyringa vart òg «*opplag av båtar*» lagt til i opplistinga av tiltak i § 3 bokstav c. Etter ny mal fjerna vi i tillegg punktet «*Bruk av naturreservatet til miljøbasert reiselivsverksemد*» under bokstav g i § 7. Vi har ikkje fått kunnskap i løpet av verneprosessen om at det var planar om miljøbasert reselivsverksend, og vurderer difor at fjerninga av denne heimelen ikkje vil påverke eksisterande planar. Formuleringa i § 11 vart òg endra etter nyaste mal.

Namn

Vi tilrår at namnet på verneområdet blir *Hammarland naturreservat*. Namnet har vore det same sidan oppstart. Språkrådet er òg samd i namnet og skrivemåten.

FORVALTNING, ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVENSAR

Vurdering av samfunnsnytte og samfunnsøkonomiske konsekvensar

Området er avsett til *landbruks-, natur-, frilufts- og reindriftsområde* (LNFR-område).

Kartlegging av naturverdiane er gjennomført av Biofokus i samband med tilbodet om frivillig skogvern, og kartlegginga har blitt lagt til grunn i kunnskapsgrunnlaget for verneplanprosessen. Bruksinteresser er klarlagt gjennom høyring av verneforslag.

Vernet vil avgrense dei framtidige moglegheitene for mellom anna skogbruk, jordbruk, mineralutvinning regulering av vassdrag, nedbygging og anna omdisponering frå natur til andre føremål. Det er elles i verneplanprosessen lagt vekt på å komme andre interesser i møte gjennom avgrensing og forskriftsutforming.

Vi meiner at verneforslaget slik det ligg føre har få negative konsekvensar. Samla sett vurderer vi det slik at dei samfunnsøkonomiske konsekvensane av vernet vil vere positive. Det tilrådde området vil sikre natur som har ei positiv samfunnsnytte, sjølv om denne ikkje kan verdsetjast. Forslaget vil samtidig bidra til oppfylling av nasjonale og internasjonale forpliktingar om å vareta naturmangfaldet. Verneforslaget vil òg sikre område for friluftsliv.

Forvaltingsmessige og budsjettmessige konsekvensar

Staten vil ta på seg kostnadane som følgje av etableringa av Hammarland naturreservat, med utgifter til både forvaltning og skjøtsel for å halde oppe og styrke verneverdiane. Det kan bli utarbeida ein forvaltingsplan for naturreservatet med nærmere retningsliner for bruk, vern, oppsyn og gjennomføring av skjøtsel.

Avveging skogvern – skogbruk

Miljødirektoratet og Landbruksdirektoratet fekk den 1. juli 2020 i oppdrag frå Klima- og miljødepartementet og Landbruks- og matdepartementet å greie ut forvaltingstiltak knytt til skogvern og konsekvensar for virket og bidraget skognæringa hadde til det grøne skiftet. I rapport M-2007-2021 foreslo direktorata retningslinjer for avvegingar. I oppdrag frå Klima- og miljødepartementet datert 8.11.2021 bad Klima- og miljødepartementet om at forslaget blir sett i verk, med nokre mindre justeringar. For privateid skog skal forslaget setjast i verk for område der det blir motteke tilbod etter 1. februar 2022, og ved vern av offentleg eid grunn for område der det blir meldt oppstart frå og med same dato. Tilboden frå grunneigarane på Hammarland om frivillig skogvern kom oss i hende før 1. februar 2022. Området er difor ikkje omfatta av oppdraget frå Klima- og miljødepartementet.

Forvaltningsmyndighet

Bjørnafjorden kommune har førebels ikkje teke stilling til om kommunen ynskjer å overta forvaltningsmyndigkeit for eit framtidig Hammarland naturreservat. Vi sendte førespurnad til kommunen under høyringa og vil vidaresende denne dersom vi mottek innspel i saka.

Skildring av Hammarland, med merknadar

Totalareal 502 daa

Skogareal totalt om lag 475 daa

Produktiv skog om lag 314 daa

Verneføremål og særskilte verneverdiar:

Føremålet med vernet er å ta vare på eit område som har stor kulturlandskapsverdi, og rommar fleire trua arter knytt til boreonemoral regnskog. Den sterkt trua (EN) regnskoglaven strutlav *Gomphillus calycioides* er konstatert på fleire av dei styva asketrea. Bleik kraterlav (VU) *Gyalectea flotowii* er konstatert frå før i 2001 og veks på gamle styva aske- og almetre.

Vern av tilbodsområdet Hammarland vil bidra til å dekke manglar i skogvernet av boreonemoral regnskog og frisk rik edellauvskog som begge er raudlista naturtypar. Registrerte raudlista artar er særleg knytt til boreonemoral regnskog og gamle alme - og asketre: alm (EN), ask (EN), strutlav (EN), bleik kraterlav (VU), almekullsopp (NT). Arealet er ein del av eit større dalføre med lang kontinuitet med ivaretaking av gamle styvingstre og er i kontakt med dei største samanhengande skogområda i Vestland.

Inngrepsstatus og andre interesser:

Bortsett frå stiar og beite, har vi ikkje kjennskap til anna bruk innanfor området. Verneprosessen har heller ikkje avdekt ytterlegare informasjon.

Samandrag av høyringsinnspela:

Verneplanen vart sendt på høyring til AT Skog, Avinor, Bjørnafjorden kommune, Cathrine Solvi Hammersland-Skjøndal, Den Norske Turistforening, Det norske skogselskap, Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard, DNT - Bergen og Hordaland, Fiskeri- og Havbruksnæringens Landsforening, Fiskeridirektoratet, Forsvarsbygg, Fortidsminneforeningen, Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag, Friluftslivets Fellesorganisasjon, Friluftsrådenes Landsforbund, Havforskningsinstituttet, Høgskulen på Vestlandet, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, KS - Kommunesektorens organisasjon, Kystverket, Landbruksdirektoratet, Luftfartstilsynet, Natur og ungdom, Naturhistorisk museum, NHO Reiseliv, Norges Bondelag, Norges Dykkeforbund, Norges Geologiske Undersøkelse, Norges Handikapforbund, Norges Jeger- og Fiskerforbund, Norges Kystfiskarlag, Norges Miljø- og Biovitenskapelige Universitet, Norges Miljøvernforbund, Norges Naturvernforbund, Norges Orienteringsforbund, Norges Skogeierforbund, Norges vassdrags- og energidirektorat – NVE, Norsk Bergindustri, Norsk Biologforening, Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Norsk Botanisk Foreining, Norsk Industri, Norsk institutt for bioøkonomi, Norsk institutt for naturforskning, Norsk Organisasjon for Terrengsykling NOTS, Norsk Ornitoligisk Foreining, Norsk Sau og Geit, Norsk Zoologisk Foreining, Norskog, NTNU, Sabima, Stadnamnenesta på Vestlandet, Statens Kartverk, Statkraft, Statnett, Sør-Norges Fiskarlag, Technogarden, Universitetet i Bergen, Universitetet i Tromsø - Norges arktiske universitet, Vegdirektoratet, Vest politidistrikt, Vestland fylkeskommune og WWF Verdens naturfond.

Det kom inn åtte innspele til oppstartmeldinga. Vi fekk vidare eit innspele til høyringa.

Språkrådet er samd om namnet og skrivemåten *Hammarland naturreservat*.

Kommentar får Statsforvaltaren:

Vi tek innspelet til vitande.

Bjørnafjorden kommune ved landbrukskontoret er positiv til opprettinga av Hammarland naturreservat. Kommunen meiner det er behov for grundig kartlegging av naturkvalitetane, både i det planlagde naturreservatet, og i dei nærliggande områda. Dei meiner kringliggjande område bør vurderast å inngå i vernet som buffersoner, då dei kan bidra til å styrke vernet av dei høgare skogtypane innanfor reservatet.

Det er registrert førekommstar av haustingsskog nord for vernegrensa. Kommunen meiner skogen bør inkluderast i verneområdet, grunna areala sin økologiske og kulturhistoriske verdi. Dei

fremjar òg ynskje om at Heilhillerhornet-området vurderast som ei potensiell utviding, ettersom det dannar ein samanheng med resten av landskapet og økosystemet.

Kommunen er interessert i at det inkluderast tiltak i forvaltningsplanen som sikrar bevaringa av styringstrea i området. Det blir òg ytra bekymring kring spreiing av framande treslag som kan redusere verneverdien på lang sikt.

Dei ser vidare ingen konflikt med landbruksinteresser, då området har avgrensa potensial for auka landbruksproduksjon. Grunna området sine store natur- og landskapsverdiar, vurderer dei vernet som gunstig frå eit samfunnsperspektiv.

Kommentar får Statsforvaltaren:

Vi ser stor verdi i naturområdet rundt Gjønavatnet, og ynskjer gjerne å få tilbod om frivillig skogvern på fleire eigedommar i nærleiken av det føreslegne verneområdet. Dersom grunneigarar fremjar ynskje om vern, vil det òg bli mogleg å utføre ytterlegare kartleggingar av naturkvalitetane i fleire område rundt Hammarland.

Eit vern opnar for større moglegheiter for å ta vare på naturverdiane i området. Det vil til dømes vere mogleg å planlegge tiltak i forvaltningsplanen, som styring og fjerning av framande treslag.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) har ingen merknadar til verneforslaget, men ber områdekonsesjonærer LYSNA AS om å uttale seg om saka. NVE følgde opp i høyringa og kom med innspel om at dei ikkje hadde merknadar til verneforslaget.

Kommentar får Statsforvaltaren:

Vi tek innspellet til vitande.

LYSNA AS kom med innspel om at dei ikkje har planar innanfor området.

Kommentar får Statsforvaltaren:

Vi tek innspellet til vitande.

Codex Advokat Oslo AS ved Elise Haavik fremjar innspel i saka på vegne av grunneigarar ved gbnr. 176/2, som har bruksrett for beite på område innanfor vernegrensa. Området nyttast til beite for småfe i dag. Innspellet omhandlar formuleringa av § 4 bokstav d (no bokstav c) i verneforskrifta, om beite innanfor området. Dei ber om ei tilbakemelding på kva som skal til for at verneverdiane blir «skada» og ei presisering om kva beitepress som i realiteten vil vere godtatt ved eit vern.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Vi er eins om at formuleringa i § 4 bokstav c er upresis. Då saka var på oppstart brukte vi formuleringa *Beiting med eit beitebelegg som ikkje skadar verneverdiane*. Difor har vi, etter innspel, endra formuleringa jf. nyare malar for frivillig skogvern-område til berre å vere *Beiting*. Denne formuleringa blir brukt i alle nyare frivillig skogvern-område, og er også naturleg å bruke for Hammarland.

Nordfjella beitelag sine medlemmar har sauver på beite vest og nord for Hammarland. Det vil sei i området Øykjafjellet, Bygdastølen, Ottanosa, Kjeringafjell, og frå nordleg grense på

Hammarland og nordover til Kikedalen og området rundt Spongetjørna. Stien som går sør-nord gjennom verneområdet nyttast til føring av bufe til og fra beiteområda. Beitelaget ynskjer at bruken av stien til frakt av dyr blir tatt med i verneforskrifta. Dei ynskjer også at naudsynt rydding for å nytte stien til driftsveg skal vere mogleg. Dei viser til at § 4 bokstav h (no bokstav f) i forskriften ser ut til å opne for dette.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Dagens bruk av stiar til frakt av bufe vil kunne halde fram som i dag, også etter verneområdet er oppretta. Naudsynt rydding av eksisterande stiar vil vere lov etter § 4 bokstav f i verneforskrifta. Ein vil også kunne søkje om ryddig av nye stiar jf. verneforskrifta.

Namn

Statsforvaltaren tilrår namnet Hammarland naturreservat. Det har ikkje kome innspel om alternative namn i verneprosessen.

Avgrensing

Statsforvaltaren tilrår avgrensinga som i vedlegget i dette dokumentet.

Verneforskrift

Statsforvaltaren tilrår verneforskrifta som på neste side i dette dokumentet.

Tilråding

Vi tilrår at området Hammarland blir verna som naturreservat.

Vedlegg 1: Tilråding til verneforskrift

Tilråding til forskrift om vern av Hammarland naturreservat, Bjørnefjorden kommune i Vestland

§ 1. (føremål)

Føremålet med forskrifa er å ta vare på eit område som

- a. representerer ein bestemt type natur i form av vestnorsk regnskog og rik edellauvskog med stor kulturlandskapsverdi
- b. inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur som styva tre av ask og alm, og med raudlista arter knytt til boreonemoral regnskog.

Det er eit mål å behalde verneverdiane i mest mogleg urørt tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

§ 2. (geografisk avgrensing)

Naturreservatet omfattar ein del av gnr./bnr.: Bjørnefjorden kommune: 176/1.

Naturreservatet dekker eit totalareal på 502 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet, den [xxxx](#). Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekpunkt skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart skal oppbevarast hos Bjørnefjorden kommune, Statsforvaltaren i Vestland, Miljødirektoratet og Klima- og miljødepartementet.

§ 3. (vernereglar)

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som er nemnde i verneføremålet.
I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

- a) Vegetasjonen, medrekna døde buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp (inkludert lav), eller delar av desse frå naturreservatet. Planting og såing av tre og anna vegetasjon er forbode.
- b) Dyreliv, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrring. Utsetting av dyr er forbode.
- c) Det må ikkje settast i gong tiltak som kan endre naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde, andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker e.l. opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkledning, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre konsentrerte forureiningstilførslar, lagring av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømmande.
- d) Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.
- e) Bålbrann er forbode. Forbodet gjeld ikkje bålbrann i skogen med tørrkvist frå bakken eller medteken ved, i samsvar med gjeldande lovverk.

§ 4. (generelle unntak frå vernereglane)

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) Sanking av bær, nøtter og matsopp.
- b) Fjerning av treslag som ikkje er stadeigne.
- c) Beiting.
- d) Utsetjing av saltsteinar i samband med beiting som omtalt i § 4 bokstav c.
- e) Vedlikehald av gjerde og andre anlegg og innretningar i samsvar med tilstand på vernetidspunktet.
- f) Merking og naudsynt rydding av eksisterande stiar.
- g) Jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk.
- h) Oppsetjing av midlertidige, mobile jakttårn for storviltjakt.
- i) Skånsam rydding av småbusker og kvist i siktlinjer ved faste jaktpostar i samband med storviltjakt.
- j) Fortøyning av småbåt ved fastfortøyning, dragfortøyning, ankring, og mellombels lagring på land.

§ 5. (regulering av ferdsel)

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne. I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a) Motorisert ferdslle er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b) Utanom eksisterande stiar avmerka på vernekartet, er bruk av sykkel, hest og kjerre, samt riding forbode.

§ 6. (generelle unntak fra reglane om ferdsel)

Ferdsereglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemrd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemrd, og gjennomføring av skjøtsels- og forvaltingsoppgåver som er avgjort av forvaltingsmynde. Unntaket gjeld ikkje øvingsverksemrd.

Ferdsereglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) Naudsynt uttransport av felt elg og hjort med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget.
- b) Landing og start med Forsvarets luftfartøy.
- c) Naudsynt motorferdsel i samband med uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som nyttast skal vere skånsame mot markoverflata. Den som skal køyre skal gi melding til oppsyn for verneområdet før køyringa skjer.

§ 7. (spesifiserte dispensasjonsreglar)

Forvaltingsstyremakta kan etter søknad gi dispensasjon til:

- a) Avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar nemnt i § 3 bokstav d.
- b) Istandsetting, vedlikehald og naudsynt skjøtsel kring kulturminne.
- c) Tiltak i samband med forvalting av vilt og fisk.
- d) Oppsetting av gjerde i samband med § 4 bokstav e.
- e) Naudsynt uttransport av felt elg og hjort med anna køyretøy enn lett beltekøyretøy som nemnd i § 6 andre ledd bokstav a.
- f) Naudsynt motorferdsle i samband med aktivitetar nemnt i § 4 bokstav c og e, og § 7 bokstav c og d.

§ 8. (generelle dispensasjonsreglar)

Forvaltingsstyremakta kan gjere unntak frå forskrifa dersom det ikkje stirr mot føremålet med vernevedtaket og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsynet til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldlova § 48.

§ 9. (skjøtsel)

Forvaltingsstyremakta, eller den forvaltingsstyremakta avgjer, kan gjennomføre tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstand som er føremålet med vernet, jf. naturmangfaldlova § 47.

§ 10. (forvaltingsplan)

Det kan utarbeidast forvaltingsplan med nærmare retningsliner for forvalting av naturreservatet. Forvaltingsplanen kan innehalde nærmare retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

§ 11. (forvaltingsstyremakt)

Miljødirektoratet fastsett kven som skal ha forvaltingsmynde etter denne forskrifta.

§ 12. (ikraftsetjing)

Denne forskrifta trer i kraft straks.

Vedlegg 2: Tilråding til vernekart

